

Stian Carstensen

Stian Carstensen (født 5. januar 1971 på Eidsvoll) er en norsk jazz- og folkemusiker og kjent som en av landets fremste multi-instrumentelle (bl.a. trekkspill, gitar, fløyte, kaval, gaida og banjo). Han spiller en sentral rolle på en rekke plateutgivelser.

Karriere

Som barn lærte han av sin bestefar og turnerende far, og turnerte Nord-Dakota (1982) med sin egen melodi «If I only could get a little Lefse». I 1983 TV-debuterte han på Halvsju. Etter en periode i metal-sjangeren, studerte han ved Viken Folkehøgskole, fulgt av gitarstudier ved Jazzlinja (NTNU) (1989-92), der han 1991 også etablerte kvintetten Farmers Market. Han mottok Statens Kunstsnerstipend for å kunne studere Bulgarias polyfoni, og har senere forfulgt ønsket om å kombinere ulike musikktradisjoner, med studieturer til India, USA (Kentucky, 1998) og England, og benyttet musikere derfra i konsertsammenheng og plateutgivelser.

Irene Tillung

Irene Tillung (1977) har utdanning på akkordeon innan klassisk musikk frå Norges Musikkhøgskole (1996-2002) med utveksling til Det Kongelige Danske Musikkonservatorium. Etter studiane har ho etablert seg som ein allsidig musikar innafor folkemusikk, og livnærer seg som utøvande musikar, arrangør og komponist. I tillegg til Tindra, spelar ho i duoen Frøholm/Tillung, med den skotsk-norske gruppa Boreas, og saman med cellist Susanne Engelmann. Ho tek ellers oppdrag som studiomusikar, teatermusikar og akkompagnatør.

Per Arne Glorvigen

Kjem ifrå Dovre og vert rekna som ein av dei viktigaste bandoneonistane i sin generasjon.

Han gjekk ut frå Noregs Musikkhøgskule i 1987 med akkordeon som hovudinstrument og dro deretter til Paris kor han framleis er busett. Det var også her at han møtte den Argentinske bandoneonvirtousen Juan José Mosalini som vart Glorvigen sin læremeister på det nye instrumentet.

Etter tre år med studiar hjå Mosalini og etter fleire upphald i Buenos Aires byrja Glorvigen verksemda si som profesjonell bandoneonist.

I tillegg til å spela tango har Glorvigen freista å utvide bandoneonrepertoaret til også å innehalde barokk, kletzmer, pop og ikkje minst samtidsmusikk.

Dei unge komponistane Willem Jeths (Nederland), Bernd Franke (Tyskland), Luis Naon (Frankrike/Argentina) og Henrik Hellstenius har alle komponert konsertar for bandoneon og orkester tinga av Glorvigen (Urframføringar i Concertgebouw 2001, Gewandhaus 2003, Radio France 2005 og Ultimafestivalen 2008).

I mai 2003 urframførte den legendariske Alban Berg-kvartetten og Glorvigen eit verk av Austerrikaren Kurt Schwertsik for strykekvarsett og bandoneon. Opptak frå konsertane i Wien Konzerthaus vart gjeve ut på EMI Classics i juni 2004.

Glorvigen har spelt med mellom anna Giora Feidman (klarinett), Gøran Søllscher (klassisk gitar), Vertavokvartetten, Leipziger Streichquartett, BBC Symphony Orchestra, Orchestra Guiseppe Verdi Milano, Danmarks Radios Symfoniorkester, Oslo Filharmoniske Orkester, Det Norske Kammerorkester, Gøteborg Symfoniker, Det Russiske Nasjonalorkester og Les Solistes de l'Orchestre de Paris.

Den viktigaste samarbeidspartnaren hans har likevel vore violinisten Gidon Kremer. Dei har spelt inn 4 CDar ilag (mest med musikk av Astor Piazzolla) og har gjeve eit hundretals konsertar verda rundt.

I Noreg har Glorvigen mellom anna samarbeidd med Arve Tellefsen og Herborg Kråkevik.

Han spelar dessutan fast med Tango for 3 og hadde med denne gruppa stor suksess med framsyninga Tangotanko. Teksten til dette stykket som handlar om kulturskilnader mellom Dovre og Buenos Aires, vart skreven av Glorvigen sjølv. Glorvigen arbeider no også som komikar der spesialiteten er språksketsjar, og hadde stor suksess med framsyninga Tungetango i Stavern sommaren 2008.

Innspelingar mellom anna for Auvidis, Emi Classics, Sony Classical, Deutsche Grammophon, Nonesuch og Teldec.